



Seljord

Helse og omsorg

# Helse- og omsorgsplan

2022-2034





# Seljord

Helse og omsorg

Planlagt revidert	Endring:	Godkjent av:
Juni 2026	Ny Helse- og omsorgsplan 2022-2034	Kommunestyret 16.06.2022

## Innhald

<b>FORORD .....</b>	<b>4</b>
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
1.1    MÅL MED PLANEN .....	6
<b>2 SAMANDRAG .....</b>	<b>7</b>
<b>3 BAKGRUNN .....</b>	<b>8</b>
3.1    AKTUELLE DOKUMENT OG VEDTAK SOM PLANEN BYGGJER PÅ .....	8
3.2    NASJONALE LOVAR, RAMMER OG FØRINGAR .....	9
<b>4 NASJONALE OG LOKALE UTVIKLINGSTREKK .....</b>	<b>10</b>
<b>5 DAGENS ORGANISERING .....</b>	<b>12</b>
5.1    INTERKommunale samarbeid .....	13
5.2    Tenestekontoret .....	13
5.3    Helseavdelinga .....	13
5.4    Open Omsorg .....	14
5.5    Institusjon .....	14
5.6    Tilrettelagde tenester .....	14
<b>6 UTFORDRINGSBILETE .....</b>	<b>15</b>
<b>7 STRATEGIAR MED RETNINGSENDRING FOR Å MØTE UTFORDRINGSBILETE .....</b>	<b>17</b>
7.1    DIMENSIJON OG RETNING .....	18
7.1.1 <i>Bygg for framtida</i> .....	18
7.1.2 <i>Omsorgstrappa</i> .....	19
7.1.3 <i>Velferdsteknologi</i> .....	20
7.2    TIDLEG INNSATS .....	21
7.2.1 <i>Barn og unge</i> .....	21
7.2.2 <i>Ein aldersvenleg kommune</i> .....	21
7.2.3 <i>Demensomsorg</i> .....	22
7.3    KOMPETANSE OG REKRUTTERING .....	24
7.3.1 <i>Ein attraktiv arbeidsgjevar</i> .....	24
7.3.2 <i>Strategisk kompetanseplan</i> .....	25
7.3.3 <i>Lærande organisasjon og praksiskommune</i> .....	25
7.3.4 <i>God leiing</i> .....	26
7.4    SAMARBEID .....	27
7.4.1 <i>Fleksibilitet</i> .....	27
7.4.2 <i>Sterkare saman</i> .....	27
7.4.3 <i>Helsefellesskap</i> .....	28
7.4.4 <i>Frivillige og ideelle organisasjoner</i> .....	28
<b>8 OPPFØLGING AV KOMMUNEDELPLANEN .....</b>	<b>29</b>
<b>9 LINKAR TIL LOVER, RAMMER OG FØRINGAR .....</b>	<b>30</b>

## Forord

Endeleg! Eg er så glad for at vi nå legg fram ein heilsaksplan for helse og omsorg i Seljord kommune! Det er fyste gong vi lagar ein slik tematisk kommunedelplan, og den har vore etterlengta. Det å kunne sjå ut over den daglege drifta og det årlege budsjettarbeidet er viktig. Vi må sjå inn i framtida, ta omsyn til det vi veit, og lage anslag og prognosar på det vi ikkje veit heilt sikkert når vi planlegg arbeidet vårt framover. Då trengst det lengre tidshorisont enn dagen i dag. I denne planen freistar vi å sjå 12 år fram i tid.

Helse- og omsorgstenestene er ein grunnpilar i det kommunale tenesteapparatet. Tenestene blir gjevne til alle innbyggjarar i ulike livsfasar og med varierande tenestebehov. Tenestene skal førebyggje, gi råd og rettleiing, forhindre, oppdage og handsame. Kompetanse og kvalitet er fundamentet i tenestene, og den menneskelege ressursen vårt viktigaste verktøy. Og heldigvis har vi ei mengd fantastiske tilsette her i Seljord!

Utfordringane for Seljord på helse- og omsorgsområdet er store og aukande. Det blir stadig fleire innbyggjarar som treng kommunale helsetenester, oppgåvane aukar i kompleksitet, og vi må ha rett dimensjonering og utvikling av tenestene i takt med denne endringa. Vi er midt inne i den såkalla eldrebølgja med fleire eldre, og fleire eldre eldre. Det krev store endringar i måten vi jobbar på og ikkje minst endringar i kva slags tilbod vi skal gje. Vi kjem ikkje til å ha nok tilsette i åra som kjem om vi held fram som i dag.

I arbeidet med planen har vi lytta til mange, og det har vore ein lang og god prosess. Vi veit at dei fleste ynskjer å bu heime så lenge som mogleg. Vi veit at det å komme tidleg inn med hjelp er ein suksessfaktor. Og ikkje minst veit vi at det er avgjerande for gode resultat at kjenneteiknet for oss som kommune er samverknad, samarbeid og saumlause tilbod. Eg håpar denne planen viser at vi tek dette på alvor.

For å møte utfordringane må vi leggje til rette for samhandling på nye måtar, gjere informasjon lett tilgjengeleg, vere i kontakt med innbyggjarane våre på fleire ulike måtar, og ikkje minst mobilisere ressursar i heile Seljord-samfunnet. Bruk av ny teknologi må bli ein del av det vanlege tenestetilbodet, og vi må digitalisere tenester der det er mogleg.

Planen inneheld mange forbetingstiltak. Den er ambisiøs og krev innsats frå mange partar. Vi gler oss til å ta fatt. Tusen takk til alle som har vore involverte i arbeidet med planen, og eg ynskjer alle som skal følge opp planen lykke til med det viktige arbeidet!

Rikke Raknes

Rådmann

## 1 Innleiing

Helse- og omsorgsplan 2022-2034 skal gjelde for alle barn, unge, vaksne og eldre som bur i Seljord kommune, uavhengig om dei mottar omsorgstenester eller ikkje. Dette vil mellom anna innebere at det skal gjerast enklare for innbyggjarane å ta ansvar for eige liv og eiga helse. Samstundes må kommunen legge betre til rette for å støtte opp under innbyggjarane sine eigne initiativ, til helsefremjande aktivitet og frivillig arbeid.

Omsorgstenester er ikkje det same som eldreomsorg. Mange av dei utfordringane vi står overfor i Seljord kommune dei neste åra, har vi sams med resten av kommune-Noreg. Psykisk helse, både blant barn og unge, vaksne og eldre, er og blir eit viktig tema i tida framover.

Talet aukar på tenestemottakarar under 67 år, og stadig fleire tenestemottakarar har langvarige og samansette behov. Dei fleste av tenestemottakarane skal bu heime så lenge som mogeleg. Det medfører at helse- og omsorgstenesta til ei kvar tid må vere tilstrekkeleg bemanna og har rett kompetansefor å kunne møte dei utfordringane og behova som finst. Dette omfattar også mellom anna å avlaste pårørande og gje individuell oppfylging til brukarane.

Seljord kommune står overfor store demografiske endringar idet talet på eldre innbyggjarar aukar i stor grad. Sjølv om ei aldrande befolkning i seg sjølv ikkje tyder auka tenestebehov, vil talet på dei som mottek tenester, auke. Det vert færre ykesaktive og færre hender per 80-åring. Dette er ein nasjonal trend, men særskilt krevjande i Telemark. Det er allereie aukande rekrutteringsutfordringar innan alle yrkesgrupper, og det vil bli vanskelegare å få tak i mange nok tilsette, og tilsette med rett kompetanse.

Dette kombinert med stram kommuneøkonomi, inneber at det på sikt ikkje er berekraftig å drive tenestene slik vi gjer i dag. Kommunen sin leveranse til innbyggjarane må tilpassast den økonomiske røynda. Ressursbehovet vil auke radikalt, og befolkninga kan måtte nøye seg med eit endra tenestetilbod. Det er difor viktig at kommunen, saman med innbyggjarane, planlegg framtidas tenester ut i frå eit fagleg og strategisk grunnlag.

Formålet med denne planen er å klargjere kva for utfordringar Seljord kommune står framfor i åra som kjem, og peike på moglege løysingar. Vi skal vere ein god kommune for alle innbyggjarane, og vi skal i større grad enn tidlegare sjå heile livsløpet til innbyggjaren med fokus på samanhengjande og heilskafelege tenester.

## **1.1 Mål med planen**

Helse- og omsorgsplan 2022-2034 er ein strategisk kommunedelplan. Det er eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument, som skal vere retningsgivande, og vise strategiske grep som er naudsynt for å møte dei utfordringane som Seljord kommune vil møte. Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temoplanar innan i helse- og omsorgssektoren. Dessutan skal den understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsetjingar.

Planen er eit viktig grunnlag for utvikling og prioritering av tenester og bygg som skal konkretiserast i handlingsplanar og budsjetttdokument.

Planen legg vekt på korleis kommunen bør møte utfordringar innan forventa folkevekst, alderssamansetjing, nasjonale og lokale utviklingstrekk for helse- og omsorgstenester gjennom heile livsløpet.

Planen peikar på kva kompetanse, rekruttering og digitalisering vil ha å seie for utvikling av velferdstenester. Den gjev retning på korleis kommunen skal utvikle gode og heilskaplege tenester med rett dimensjonering. Det skal vere tilbod og kvalitet på tvers av fagområda i samarbeid med nærliggjande kommunar og sjukehus, brukarar og deira pårørande. Det er eit taktskifte i ressursinnsatsen frå reparasjon og behandling til førebyggjande arbeid, tidleg innsats og ei meir aktiv pasient- og brukarrolle.

Planen har eit tidsperspektiv på 12 år, og ein handlingsdel for dei komande fire åra. Handlingsdelen skal reviderast kvart år i samband med økonomiplanen og handlingsprogram. Planen skal vere eit verktøy både for det daglege og langsiktige arbeidet i tenestene.

## 2 Samandrag

For å sikre ei framtidsretta og brukarorientert teneste, må kommunen sitt samfunnsoppdrag i sterkare grad enn i dag leggje vekt på brukarmedverknad, førebygging, proaktiv oppfølging og gode forløp. Ein visjon innan helse er *dei som treng mest, skal få mest.*

For å kunne seie noko om framtidig ressursbehov er det relevant å sjå på utviklinga i befolkningssamansetjinga, då dette i stor grad seier noko om kva kommunen må prioritere i framtida. Uavhengig av kva for scenario ein ser for seg, visar demografiendringa at det vil talet på eldre auke markant og eldre og fødselstalet minke dei komande åra.

Det er forma fire strategiar med retningsendring for å møte utfordringar kommunen står overfor innan helse og omsorg.

Dei fire strategiane er:

1. Dimensjon og retning
2. Tidleg innsats
3. Kompetanse og rekruttering
4. Samarbeid

Til kvar av strategiane er det knytt eitt av FNs mål om berekraft



### **3 Bakgrunn**

Frå 2019 har det vore prioritert å arbeide med ei helse- og omsorgsplan for framtidig helse- og velferdsteneste. Målet var at planen skulle vere ferdig i løpet av 2021, men det har vore naudsynt å endre framdriftsplanen grunna koronasituasjonen.

Det er gjort eit grundig forarbeid, både politisk, administrativt og med innbyggjarmedverknad. Det har kome fleire innspel på korleis det framtidige omsorgstilbodet i kommunen bør utformast og gjennom arbeidet er det lyfta fram fleire utfordringsbilete. Oppvekst og levekår er eitt av dei, med særskilt fokus på utfordringar for komande generasjonar. Det har også vore sett søkjelys på livskvalitet og helserelatert åtferd, arbeidsliv og uføre. Det er fremja trendar som heng saman med innsatsområda i reforma «Leve heile livet». Døme på dette er auken i den eldre befolkninga framover, og behovet for eit meir aldersvenleg samfunn. Samstundes er det peika på behov for å utvikle berekraftige helse- og omsorgstenester, mellom anna gjennom rekruttering av kompetanse, samhandling med frivillige og næringsliv, innovasjon og digitalisering og behov for fleire heildøgns omsorgsplassar i framtida.

#### **3.1 Aktuelle dokument og vedtak som planen byggjer på**

Kommuneplanens samfunnsdel er eit overordna styringsdokument for kommunen, og dei overordna måla i samfunnsdelen skal konkretiserast i ein kommunedelplan.

Eitt av satsingsområda i denne samfunnsdelen er «Det gode livsløp i Seljord» der det er formulert eigne mål og strategiar. Kommunen har ansvar for mellom anna omsorgstenester knytt til svangerskap og barsel, helsestasjon- og skulehelseteneste, og pleie- og omsorgstenester. Dette er tenester som i hovudsak er retta mot særskilte aldersgrupper av befolkninga, og der utgifter i stor grad blir påverka av den demografiske utviklinga. Planen bør difor ha eit overordna og langsiktig perspektiv.

I oktober 2020 vedtok kommunestyret forslag til planprogram til ny kommunedelplan for helse og omsorg. Planprogrammet skisserte aktuelle tema, framdrift, organisering, medverknad og behov for utgreiingar. Utkast til planprogram var lagt ut til offentleg ettersyn, og vart sendt til nabokommunar, samarbeidspartnerar og andre offentlege verksemder for innspel. Innan høyringsfristen kom det ein kommentar på planprogrammet frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark der dei bed kommunen vere merksam på at tenestene

endrar seg og at det bør vere rom for fleksibilitet. I tillegg bør det vere fokus på kompetanseplanlegging. Til sist bør kommunen vurdere om det er mogleg å samarbeide med nabokommunar om tenestetilboda. Endeleg planprogram vart vedteke i kommunestyret i februar 2021, i PS 11/21.

Kommunestyret vedtok i november 2021, i PS 87/21, handlingsplan for kvalitetsreforma «Leve heile livet». I den ligg lokale tiltak som vil vere naturleg å knytte til helse- og omsorgsplanen. I prosessen før vedtatt handlingsplan vart det gjennomført kartlegging med involvering og medverknad frå innbyggjarar, frivillige organisasjonar, tilsette, råd og utval.

Dei lokale tiltaka i planen gjev føringar for kva som er viktig for å få ein god alderdom, og kva som gjer at Seljord kommune blir ein endå meir aldersvenleg kommune. Dei tiltak som krev økonomi og ikkje kan løysast over ramma, eller kjem som ein del av budsjett og økonomiplan, må greiast ut og sendast kommunestyret som eiga sak.

### **3.2 Nasjonale lovar, rammer og føringar**

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester er ramma for kommunedelplanen for helse og omsorg. Lovens kapittel 3 beskriv plikta som kommunen har til å yte naudsynte helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Kommunens ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale vanskar og/eller nedsett funksjonsevne.

I kapittel 4 blir det vist til krav om forsvarlege ordningar, pasienttryggleik og kvalitet. Kommunen skal legge tenestene til rette slik at kvar einskild pasient eller brukar får eit heilskapleg og koordinerte tilbod om helse- og omsorgstenester, og at tilsette har tilstrekkeleg fagkompetanse til å utføre tenestene.

Linkar til lovar, rammer og føringar ligg i kapittel 9.

## 4 Nasjonale og lokale utviklingstrekk

Nasjonalt er det ein klar tendens til at dei mest sentrale delane av landet har høgast befolkningsvekst. Folketalet i dei minst sentrale kommunane er redusert, noko som og gjeld Seljord. Det er unge som flyttar mest og som søker seg mot storbyar for å ta fatt på høgare utdanning eller er i starten av ei yrkeskarriere.

Det er markert geografiske skilnader i aldersamansetjing. I distrikta er ein større del av befolkninga eldre, og der er aldringa også sterkest. Bakgrunnen for aldring er knytt til tre høve: dei store barnekulla i kjølvatnet av andre verdskrig er blitt pensjonistar, levealderen aukar generelt og fødselstala minkar. Framskrivingar tyder på at trenden blir sterkare framover.

Sjukehuset Telemark melder om ein auke i henvisningar frå 2019 til starten av 2022 innan barne- og ungdomspsykiatri, og frå Seljord. Det er grunn til bekymring, og viktig å kartlegge om dette er høve som kommunen kan påverke og førebygge. Det er allereie kjent at barn og unge generelt har og har hatt det ekstra utfordrande under pandemien.


Seljord har komme godt i gang med førebyggjande arbeid overfor barn og unge. Det er tilsett SLT-koordinator for å samordne førebyggjande tiltak for barn og unge retta mot rus og kriminalitet. Oppgåver kan vere å koordinere informasjon, kunnskap og ressursar mellom kommunale aktørar og politi, og til næringsliv og frivillige organisasjonar der det er naturleg. Det er òg oppretta eit tverrfagleg barneteam, i tillegg til at helsejukepleiar er meir til stades på skulane.

I fylgje Ungdata 2021 er dei fleste barn og unge godt nøgde med lokalmiljøet sitt, men det finst òg ein del som ikkje er like nøgde. Det skjer ei negativ endring i løpet av ungdomsskulen, og dette gjeld i større grad jenter enn gutter. Dette visar at kommunen kan gjere mykje for å legge til rette for at ungdommen skal trivast. Til dømes manglar Seljord kommune ein innandørs samlingsplass for dei som ikkje deltek i organisert aktivitet. Dette kan føre til at fleire sit heime med lite sosial kontakt utanom skuletid.

Brukarar, pårørande og innbyggjarar er generelt nøgde med tenester som vert leverte innan helse og omsorg. Helse og omsorg er ei pressa teneste som stadig må endrast for å handtere nye oppgåver som vert overførde frå stat til kommune, i tillegg til lovpålagte krav.

Den sterke veksten i talet på eldre kan gje kommunale omsorgstenester fleire og meir krevjande oppgåver. Det er òg slik at den eldre generasjonen lever lengre grunna betre helse, og kan difor møte alderdommen med heilt andre ressursar enn tidlegare generasjonar. Dei har høgare utdanning, betre økonomi, betre butilhøve og betre funksjonsevne. Dei er òg meir vane med teknologi og vil bestemme meir på eiga hand.

**Befolkingssammensetningen i 2020, 2030 og 2040. Hovedalternativet. Summerer seg til 100 % for det enkelte år. Seljord**



## 5 Dagens organisering

Tenesteområdet helse- og omsorg ble omorganisert i 2018 og er delt inn i fire einingar: helseavdelinga, open omsorg, institusjon og tilrettelagde tenester.



## **5.1 Interkommunale samarbeid**

Seljord kommune er vertskommune for felles samhandlingskoordinator for Vest-Telemark og sjukehuset Telemark, og for interkommunal psykologteneste. I tillegg er det fleire interkommunale samarbeid innanfor legevakt, jordmortenesta og barneverntenesta.

## **5.2 Tenestekontoret**

Tenestekontoret har ansvar for tildeling og koordinering av helse- og omsorgstenester i kommunen. Kontoret er eit kontaktpunkt for alle samarbeidspartar på tenesteområda lokalt, med sjukehus og spesialisthelsetenesta. Målet for sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenester er at det skal finnast tilbod med rett teneste til rett tid, og i rett omfang for personar som oppheld seg i kommunen.

## **5.3 Helseavdelinga**

Helseavdelinga har tverrfagleg fagkompetanse, noko som er ein stor fordel for kommunen. Her er helsestasjons- og skulehelsetenesta, fysio- og ergoterapitenesta, psykisk helse og rus, frisklivsentralen, legekontor og legevakt samla.

Ei godt utbygd primærhelseteneste avlastar andre delar av helsevesenet og er dermed også samfunnsøkonomisk lønnsam. Innbyggjarane og einingane nyter godt av at Seljord har ei velfungerande helseavdeling.

Noreg er for tida inne i ei fastlegekrise, men der er Seljord i ein unik situasjon ved at kommunen til no har hatt god tilgang på fastlegar med høg fagleg kompetanse og med lite turnover. Dei kommunalt tilsett fastlegane har mange fleire listepasientar enn det er innbyggjarar i kommunen. Det vert levert kvalitativt gode og stabile legetenester, og helsesenteret trekker til seg pasientar frå andre kommunar. Eldre pasientar med komplekse helseplager ein større andel av pasientlistene i Seljord enn ved mange andre legekontor.

Seljord blei ein del av pilotprosjektet Primærhelseteam i 2018. Det har gitt betre koordinerte og samanhengjande tenester for brukarane, og ei betre tverrfagleg teamorganisering.

## **5.4 Open omsorg**

I eininga open omsorg ligg heimetenester (heimesjukepleie, heimehjelp), bukollektiv, servicesenter og dagsenter. Open omsorg er ei av kjerneverksemndene og gjev nødvendig helsehjelp, opptrening, opplæring, matombringning og hjelp til å meistre dagleglivet. Heimetenesta merkar endring i oppgåveforskyving frå stat til kommune, og tar i mot utskrivingsklare behandlingstrengjande pasientar med omfattande samansette behov. Fleire og sjukare pasientar får helsehjelp i eigen heim; det krev tilstrekkeleg og rett kompetanse for å sikre kvaliteten på tenestene.

## **5.5 Institusjon**

Seljord har ein institusjon, Nesbukti pleie- og omsorgssenter, med både korttidsavdeling og langtidsavdeling (somatisk avdeling og avdeling for demente).

Korttidsavdelinga starta opp i 2018 med øyremerte plassar for pasientar med behov for kortare opphold for rehabilitering, observasjon og avlasting. Det er behov for å auke kapasiteten på korttidsplassar for å betre sirkulasjonen mellom sjukehus, institusjon og heim.

Langtidsavdelinga er for pasientar med særskilt stort hjelpebehov.

Ved Nesbukti pleie- og omsorgssenter er det òg kommunal akutt døgnplass der fastlegar og legevakt kan leggje inn pasientar som har behov for observasjon, behandling og tilsyn i ein kort periode. Tilbodet kjem i staden for å leggje pasienten inn på sjukehus. Det krev at kommunen sikrar god kvalitet på tenesta med tilstrekkeleg og rett fagkompetanse.


Produksjonskjøkkenet produserer varm mat til sjukeheim, bu og servicesenter og heimebuande i kommunen, og er lokalisert i leigde lokal på Dyrskuplassen.

## **5.6 Tilrettelagde tenester**

Eininga har omsorgsbustader med heildøgns omsorg og avlastingsplass til menneske med nedsett funksjonevne. Eininga yter ambulerande tenester som avlastingstiltak i heimen, praktisk bistand, opplæring m.m til heile kommunen. Framskriving visar ein auke i brukarar som treng bustad og leveranse av tenester i heimen.

## 6 Utfordringsbilete

Vi lever generelt lengre, og det er bra. Med det følgjer ofte diagnosar og sjukdommar som kan vere komplekse, samansette og med langvarig behov for helsetenester. Når det blir fleire eldre og færre unge, medfører det at utgiftsbehovet innanfor dei enkilde aldersgruppene endrar seg. Endring i demografi er allereie i gang, men har i liten grad endra kommunen sine prioriteringar innan tenestområda. Kommunen må no tenke annleis, byggje opp og rigge tenester for å vere i stand til å møte dei utfordringane vi veit kjem.




Illustrasjon frå webinar med Agenda Kaupang, 22.2.2022. PLO=pleie og omsorg

Barnevernsreforma trådde i kraft i 2022, og gjer at kommunen har eit større ansvar for barnevernet. Eitt av måla med reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og drive førebyggjande arbeid i heile oppvektssektoren. Kommunen har fått auka fagleg og økonomisk ansvar. Tidleg innsats kan spare kommunen for potensielt meir inngripande og kostbare tiltak.

Reformene dei siste åra har ført til at kommunen og har fått eit større ansvar for brukarar og pasientar med omfattande somatisk og psykisk helse- og ruslidingar. Pasientane vert ofte utskrivne frå spesialisthelsetenesta raskare enn tidlegare. I Noreg er gjennomsnittleg liggedøgn på sjukehus om lag 2 døgn. Det tyder at mange vil ha behov for eit kommunalt tilbod i ein overgangsfase eller over lengre tid. Dei fleste pasientane startar behandling i spesialisthelsetenesta, men oppfølgjing av behandling, observasjonar og opptrening skjer i kommunen. Det fører til auka behov for tenesteyting i heimen, og behov for fleire korttidsplassar i institusjon der pasientane kan få oppfølgjing, vidare behandling og opptrening i ein periode før dei skal heim eller over til anna butilbod. Dette fører vidare til eit større behov for ressurar, auka kompetanse og spesialisering innan heile helse- og omsorgstenesta.

SSB konstaterer at éin av fem nyutdanna sjukepleiarar i Noreg ikkje jobbar i helsetenesta etter ti år. Medverkande årsaker er høg arbeidsmengde, tidspress, misnøye med løn, ulaglege arbeidstider og låg bemanning. Aukande hjelpebehov i befolkninga pressar framtidas helsevesen. Ein kortsiktig utfordring i Seljord er at fleire tenester innan helse og omsorg er marginalt bemanna ettersom oppgåver har auka og omfanget er endra. I 2021 blei heimetenesta og legesenteret styrkt med årsverk som ein allereie ser effekt av.

## 7 Strategiar med retningsendring for å møte utfordringsbilete



Kommunen sine oppgåver vert endra, kompleksitetet og krav til kompetanse aukar. Framfor å heva terskelen for å få hjelp må det i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. Dette krev både nytenking, fleksibilitet, økonomiske og organisatoriske endringar.

Retningsendringa framhevar fire strategiar;

1. dimensjon og retning
2. tidleg innsats
3. kompetanse
4. rekruttering og samarbeid

## 7.1 Dimensjon og retning



### FNs berekraftsmål 11 - Bærekraftige byar og lokalsamfunn

For å kunne løyse framtidas utfordringar er det avgjerande med inkluderande, trygge, robuste og bærekraftige lokalsamfunn. Seljord vil arbeide for å sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester, trygg og tilgjengeleg transport med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

#### 7.1.1 Bygg for framtida

Seljord kommune har heildøgns omsorgsplassar på Nesbukti pleie- og omsorgssenter, Nestunet bukollektiv, Steinmmoen bu og servicesenter og Heddelitunet - tilrettelagte tenester. Totalkapasitet på heildøgns omsorgsplassar er pr 2020 ikkje dimensjonert til å møte dei demografiske endringane vi veit kjem. Analyse gjort av Telemarksforskning syner at dersom vi driv som i dag i 2040, vil behovet vere 72 fleire heildøgns omsorgsplassar.\* Dette er ikkje realistisk, og dersom Seljord skal vere rigga til å møte desse utfordringane, må vi ta fleire grep. Dekningsgraden vil vere under sterkt press framover med stadig fleire eldre, fleire med samansette lidningar og skrøpelege eldre. Dette fører primært til eit behov for auka kapasitet.


I dag blir heildøgns omsorgsplassar tildelte ut frå kartlagt behov og ledig kapasitet. Fram til no har Seljord kommune delvis kompensert mangel på heildøgnspllassar ved å leige plassar i andre kommunar, som sjukeheimspllassar og heildøgnspllassar innan psykiatri og rus. I dei seinare åra har nabokommunar kjent på det same presset på institusjonspllassar. Det vil i framtida bli vanskelegare å leige plassar i andre kommunar.

Seljord kommune har som mål å:

1. ha tilstrekkeleg kapasitet til å ivareta befolkninga sine behov
2. ta høgde for at det er behov for differensierte butilbod
3. syte for universell utforming ved oppussing av eksisterande bygg og ved nybygg

\*Telemarksforskning: analyse av økonomi og framtidige tenestebehov i Seljord kommune

### 7.1.2 Omsorgstrappa



*Omsorgstrappa – så lenge eg kan bu heime, så bur eg heime.*

Omsorgstrappa skal trygge brukarane og pårørande slik at fleire kan bu heime i eigen bustad så lenge som råd, der det vert lagt vekt på tidleg innsats og førebygging. Det skal styrke samhandling på tvers av fagområda og redusere behov for insitusjonsplassar.

Seljord kommune har som mål å:

1. ha fokus på tilrettelagt arbeid slik at det er mogleg for alle innbyggjarar å bidra aktivt i lokalsamfunnet
2. legge til rette for at den einskilde skal meistre sin eigen livssituasjon og bu lengst mogleg heime
3. fordele tenestene med vekt på førebygging og tidleg innsats
4. gje rett tenester til rett tid

### 7.1.3 Velferdsteknologi

Velferdsteknologi handlar om å gje personar med hjelpebehov betre livskvalitet og gjere det mogleg å klare seg på eiga hand. Ved å nytte teknologi på rett måte kan det bidra til å gjere innbyggjarane og dei pårørande meir sjølvstendige og gje kjensle av auka evne til meistring. Det kan òg bidra til å løyse kapasitetsutfordringar og gjere kommunen betre rusta til å møte framtidsutfordringar. Omstillingssprosessane som må til i innfasing av nye system må vere strukturerte, og er ressurskrevjande i ein overgangsperiode før økonomisk vinst vert tydeleg. Seljord har allereie fleire teknologiske løysingar som ein ordinær del av tenestene, men potensialet er framleis høgt.

Seljord kommune har som mål å:

1. byggje ut og setje i verk velferdsteknologi slik at det tryggjer brukarane, forbetrar ressursutnytting og kvalitet på tenestetilboda

## 7.2 Tidleg innsats

	<b>FNs berekraftsmål 3 - God helse og livskvalitet</b> God helse er ein grunnleggande føresetnad for at det skal vere mogleg for menneske å nå sitt fulle potensial og kunne bidra til utvikling i samfunnet. Seljord kommune vil gjennom tidleg innsats sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.
---	---

Godt førebyggjande arbeid krev at vi startar tidleg, tenkjer og handlar langsiktig. Ein av dei viktigaste utfordringane er å tenke heilskapleg og samordne innsats på tvers av fagområda og tenesteområda.

### 7.2.1 Barn og unge

Godt førebyggjande arbeid må ha som mål å fremje utvikling av sunne barn og unge som handterer framtidige utfordringar og risiko. Det lønner seg å investere i barn og unges psykiske helse, både for den enskilde og for kommunen generelt. Barn og unge i Seljord skal ha det bra og fungere godt gjennom barndommen for å kunne legge eit godt fundament for vaksenlivet. Dei har behov for å bli sett, høyrt og tatt vare på av vaksne, for å ivareta ei god psykisk helse. Å vere open og å tileigne seg kunnskap om barn og unges psykiske helse er heilt avgjerande for ein trygg oppvekst.

Seljord kommune har som mål å:

1. ha gode og samanhengjande tenester
2. hindre utanforskap og tilby tidleg og målretta hjelp
3. utarbeide individuell plan og koordinering der det er behov

### 7.2.2 Ein aldersvenleg kommune

Sjølv om utfordringsbiletet er likt for dei fleste kommunar, er det naudsynt å utarbeide løysingar som samsvarar med lokale behov. I Seljord kommune krev det mobilisering av kommunale aktørar, frivillige organisasjonar og næringsliv. Det er nyleg utarbeidd ein handlingsplan i samband med reforma «Leve heile livet» som ber preg av stor påverknad frå innbyggjarane. Det er ein reform for å skape et meir samanhengjande tenestetilbod for eldre og pårørande. Kommunen må stå samla, der det må samhandlast på tvers av fagområda og

tenesteområda. Ein må i større grad sjå kommunen som stad og ikkje berre som organisasjon. Nokre av tiltaka i handlingsplanen er lettare å gjennomføre, medan andre treng meir utgreiing og krev eiga politisk sakshandsaming.

Tiltaka i handlingsplan for «Leve heile livet» er:


- Matlukt i institusjon
- Heimevaktmeister
- Frivilligkoordinator
- Avlastingsordningar for pårørande med krevjande omsorgsoppgåver
- Gangveg/sykkelveg med benkar og lys, til heilårbs bruk
- Rekruttere og behalde ungdom - juniorpolitikk
- Vidareføring av allereie etablerte prosjekt/implementere prosjekt i dagleg drift
- Institusjonsplassar, sentrumsnære bustader med fellesareal og heildøgnstilsette

#### 7.2.3 Demensomsorg

Befolkinga i Seljord er eldre enn landsgjennomsnittet, og kommunen har difor ein større del innbyggjarar med demens. Delen med diagnostisert demens ligg på 2,49 %, og i følgje framskriving kan ein rekne med at omkring dobbelt så mange har demenssjukdom om berre 20 år. I budsjettvedtak for 2022 blei det øyremerk 0,2 årsverk til demensteam. For å klare å handtere denne utfordringa må Seljord prioritere å integrere personar med demens i fellesskapet. Dette krev auka kompetanse på demens i kommunen sin helse- og omsorgsteneste.

Seljord kommune har som mål å:

1. vere eit demensvenleg samfunn
2. fange opp personar med demens og deira pårørande til rett tid for å sikre gode og samanhengjande tenester



## Demenskartet – Aldring og helse

## 7.3 Kompetanse og rekruttering



### FNs berekraftsmål 4 - God utdanning

Utdanning er nykelen til utvikling og gjer at kvar einskild av oss kan bidra til eit berekraftig samfunn. Seljord vil vere ein lærande kommune som arbeider for å etablere og oppgradere utdanningstilbod som er barnevenlege, som tar omsyn til skilnader i kjønn, til personar med nedsett funksjonsevne og som sikrar trygge, ikkje-valdelige, inkluderande og effektive læringsmiljø for alle.

#### 7.3.1 Ein attraktiv arbeidsgjevar

Det er vedtatt i kommuneplanens samfunndel at Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, og ein kommune med ynske om arbeidsplassar og folkevekst. Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar i regionen som klarar å rekruttere og behalde dei rette ressursane. Dei tilsette skal kjenne at dei kan kombinere ein meiningsfull jobb med ei aktiv fritid og oppleve god livskvalitet. For å trekke til seg kompetent arbeidskraft må organisasjonen ha fokus på heiltidskultur. Mange deltidstillingar påverkar kvalitet, hemmar læring, kompetanseutvikling. Ein organisasjon som satsar på heiltidskultur har lettare for trekkje til seg kompetent arbeidskraft, utvikle gode fagmiljø, tilby tenester av god kvalitet.

#### Seljord kommune har som mål å:

1. fremje heiltidskultur og leggje til rette for tilsette i alle livsfasar slik at dei kan stå lenge i jobb
2. tiltrekke seg stabil, kvalifisert arbeidskraft som kan føre til auka busetjing og pendling inn til kommunen
3. ha konkuransedyktig løn og gode arbeidsvilkår i regionen
4. ha rett dimensjon på bemanning for dei oppgåvene som skal løysast, og tilpasse tenestenivå til ressurstilgang
5. arbeide strukturert for eit fysisk, psykososialt og organisatorisk godt arbeidsmiljø

### 7.3.2 Strategisk kompetanseplan

For å lykkast med strategisk kompetansestyring, er det naudsynt med forankring hjå både politisk og administrativ leing i kommunen. Tilfeldig satsing på kompetanse kan føre til feilkvalifisert tilsette i forhold til organisasjonens mål, oppgåve og behov. Det kan gje negativ effekt med til dømes redusert meistringskjensle, motivasjon og yting hos tilsette. Dette kan føre til dårlig arbeidsmiljø i organisasjonen. Det vil og gje lite ressurseffektiv utnytting av midlar til kompetanseutvikling, kompetanse og innovasjonstilskot. I ein kommune er det behov for rett balanse mellom generalistar og spesialistar.

Seljord kommune har som mål å:

1. sikre målretta og planmessig kompetansehevande tiltak i samsvar med kommunens utfordringsbilete og behov
2. legge til rette for grunnutdanning, etter- og vidareutdanning
3. ha kultur for å drive kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing i organisasjonen
4. motivere tilsette til å auke kunnskap og styrke eigen kompetanse

### 7.3.3 Lærande organisasjon og praksiskommune

Seljord skal legge til rette for at kvar einskild tilsette skal få personleg vekst og kompetanseutvikling. Naturlege samarbeidspartar er vidaregåande skular, universitet, høgskular og fagskular. Kompetanse er nykelen til kvalitet.

Å auke mengda og å heve kvaliteten på praksis, vil vere ein viktig del av å ruste kommunen for framtidige demografiske utfordringar. Det er påvist at gode praksiserfaringar påverkar studentars haldningar til ulike arbeidsplassar og kvar dei ynskjer å jobbe når dei er ferdig utdanna. God praksiserfaring kan rekruttere ein framtidig kollega.

Seljord kommune har som mål å:

1. legge til rette for at tilsette får personleg vekst og kompetanseutvikling
2. vere ein god læringsarena som utviklar klinisk kompetanse
3. vere ein stabil praksiskommune slik at studentar utviklar positive haldningar til kommunehelsetenesta
4. ha hospiteringssamarbeid mellom tenesteområda og med spesialisthelsetenesta

#### 7.3.4 God leiing

Gode leiarar er avgjerande for å leve gode tenester. Det handlar om å vise gjennomføringskraft, meistre styring, vere tydeleg i rolla som leiar og å leggje til rette for meistring og motivasjon hos tilsette. I tillegg er det viktig å bygge kultur for nyskaping og læring, ha fokus på godt arbeidsmiljø og ha god ressurstyring. Både politiske og administrative leiarar har ansvar for å leggje til rette for gode samarbeidsformar, setje av tilstrekkelege ressursar, og å få til effektive samarbeidsliner. Seljord har stabile og gode leiarar, fleire med lang erfaring.

#### Seljord kommune har som mål å:

1. ha fokus på god leiarstøtte
2. motivere og leggje til rette for at leiarar har rett kompetanse knytt til delegerte oppgåver

## 7.4 Samarbeid

	<p><b>FNs berekraftsmål 17 - Samarbeid for å nå måla</b></p> <p>For å lykkast med berekraftsmåla trengst det nye og sterke partnarskap. Styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Seljord vil stimulere til og fremje godt fungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private, og i det sivile samfunn.</p>
---	--

### 7.4.1 Fleksibilitet

For å oppnå målsetjingar må samarbeid på tvers i heile kommunen fungere mellom alle tenesteområda. Til dømes kan samarbeid fange opp risikoutsette barn i ein tidleg fase, slik at det er mogeleg å setje i verk lågterskel tiltak.

Gode overgangar mellom tenestene er avgjerande for heilsakeleg tilbod. Brukarane skal oppleve saumlause tenester og føle seg trygge på ivaretaking av eiga helse.

Seljord er ein liten og sterk kommune som har mykje god og rett kompetanse. Ved å vere fleksible, støtte og hjelpe kvarandre på tvers av einingar og tenesteområde, vil vi byggje og dele verdifull kompetanse.

### 7.4.2 Sterkare saman

Samhandlingsreforma inneber at tenester skal vere meir saumlause frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Den byggjer *på rett behandling - på rett stad - til rett tid* og stakar ut kurSEN for fordeling av oppgåver, utvikling av tenester og brukarperspektiv. Ny kunnskap, nye oppgåver og nye behandlingsformer, gjer at vi treng meir spesialiserte tenester i kommunen. Det er eit komplekst system på tvers av tenestenivå, og overgangar er alltid sårbare. Systemet skal vere effektivt samstundes som kvaliteten skal vere høg. Kommunen må difor samarbeide nært med utdanningsinstitusjonar, spesialisthelsetjenesta, andre kommunar og andre aktuelle aktørar for å syte for rett og kontinuerleg kompetanseutvikling av dei tilsette.

Seljord kommune har som mål å:

1. ha høg fagleg kvalitet i alle tenester, basert på solid og rett kompetanse, og kva som fremjar helse og livskvalitet hos innbyggjarane våre

7.4.3 Helsefellesskap

Helsefellesskapsmodellen blei vedtatt i Telemark i januar 2021. Intensjonen med Helsefelleskapet er at helseforetak og kommunane i kvart opptaksområde skal møtast for å planleggje og utvikle tenestene saman. Det er direkte deltaking frå alle kommunar i partnarskapsmøte og strategisk samarbeidsutval, medan det er representativ deltaking i dei faglege samarbeidsutvala. Helsefelleskapet har ein struktur som krev oppfølging internt både i kommunar og sjukehus, for at prosessar og vedtak skal bli tilstrekkeleg forankra og implementerte.

Likeverdig samhandling mellom kommunar og sjukehus er eit av dei viktigaste områda for å ha ei framtidsretta helseteneste. Dette må lyftast på eit heilt anna nivå enn vi har i dag.

Seljord kommune har som mål å:

1. jobbe aktivt med forbeting innanfor gode pasientforløp
2. vere ein aktiv samarbeidskommune i Helsefelleskapet

7.4.4 Frivillige og ideelle organisasjoner

Den frivillige innsatsen spelar ei avgjerande rolle for utvikling av velferdsamfunnet vårt. Kommunen ynsker å oppmode, inspirere til tettare samarbeid og legge til rette for frivillig aktivitet, lag og foreiningar. Dette er viktige samfunnsaktørar som styrkjer folkehelsa, bidrar til eit meir inkluderande nærmiljø, byggjer tillit og forsterkar kjensla av å høyre til. Å styrke samarbeid med frivillige og ideelle organisasjoner kan føre til samskaping av nye idear og betre løysingar som kan betre tenestetilbodet.

Seljord kommune har som mål å:

1. skape ei sams forståing for frivillig innsats i heile kommunen
2. styrke samhandling med frivillig sektor

## 8 Oppfølging av kommunedelplanen

Kommunedelplanen sine strategiar skal følgjast opp av eigen handlingsdel, som syner prioriterte tiltak for det kommande året og dei resterande åra i økonomiplanperioden.

Kommunedelplanen skal rullerast kvart fjerde år, medan handlingsdelen blir revidert i samanheng med budsjettarbeid. Det må vere tett kopling mellom satsingsområda i kommunedelplanen og prioritering i økonomisk styring.



## 9 Linkar til lover, rammer og føringar

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) - Lovdata](#)

[Lov om kommuner og fylkeskommuner \(kommuneloven\) - Lovdata](#)

[Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\) - Lovdata](#)

[Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\) - Lovdata](#)

[Lov om helsepersonell m.v. \(helsepersonellogen\) - Lovdata](#)

[Lov om barneverntjenester \(barnevernloven\) - Lovdata](#)

[Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern \(psykisk helsevernloven\) - Lovdata](#)

[Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulansetjeneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. \(akuttmedisinforskriften\) - Lovdata](#)

[Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapsloven\) - Lovdata](#)

[Utviklingsplan for Sykehuset Telemark - Sykehuset Telemark \(sthf.no\)](#)

[Utviklingsplan 2035 Høringsdokument.pdf \(sthf.no\)](#)

[kompetanseloft-2025-2.pdf \(regjeringen.no\)](#)

[Ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten - Helsedirektoratet](#)

[Samhandlingsreformen - Lovpålagte samarbeidsavtaler mellom kommuner og regionale helseforetak/helseforetak - regjeringen.no](#)

[omsorg 2020.pdf \(regjeringen.no\)](#)

[Evaluering av primærhelseteam - Sluttrapport for 2018 – 2021 \(Statusrapport IV\).pdf \(helsedirektoratet.no\)](#)

[Meld. St. 29 \(2012-2013\) \(regjeringen.no\)](#)

[Vestfold og Telemark fylkeskommune - Folkehelseundersøkelsen \(vtfk.no\)](#)

[www.omsorgsforskning.no](#)

[Meld. St. 15 \(2017–2018\) \(regjeringen.no\)](#)

[Demenskartet – Aldring og helse](#)

[Sammen om mestring – lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne - Helsedirektoratet](#)

[Lokalt psykisk helse- og rusarbeid - Helsedirektoratet](#)

[Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

[FNs bærekraftsmål](#)

[Kommuneplan - samfunnsdel - SELJORD KOMMUNE](#)

[Arsaker-til-kostnadsvekst.pdf](#)

[PowerPoint-presentasjon \(ungdata.no\)](#)